

**Notat**

Dato: 26.10.2018  
Arkivsak: 2016/11221-36  
Saksbehandlar: benutne

---

**Til:** Sekretariat for kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Svar til kontrollutvalet – forvaltningsrevisjon planlegging investeringsprosjekt – oppfølging av handlingsplan**

Fylkesrådmannen viser til handlingsplan for tiltak oversendt sekretariatet 14. mai 2018. (I notatet var det feil i nummereringa slik at tiltak 1 og 2 vart rekna som eit, men nedanfor er nummerrekkefølga som opphavleg). Nedanfor går ein gjennom dei ulike punkta som var lista opp i handlingsplanen:

#### Punkt 1 og 2 gjeld Eigedom:

Arbeidet med desse to tiltaka er starta opp i samsvar med handlingsplanen i august i år. Arbeidet vert koordinert med oppdatering av prosjektstyringssystemet i samband med etablering av Vestland fylkeskommune og vert difor først ferdigstilt og innført i løpet av første halvår 2019.

#### Punkta 3, 4, 5 og 6 gjeld Samferdsel/fylkesvegar:

I handlingsplanen er det vist til rammeavtalen mellom Statens vegvesen og fylkeskommunen som regulerer samarbeid og leveransar mellom partane. Oppdatert rammeavtale ligg ved (vedlegg 1).

Punkt 4 gjeld også revisjon av retningslinene for utarbeiding av prosjektrekneskap. Dette vart handsama i eiga fylkestingssak i juni 2018. Fylkestingssak (vedlegg 2) og vedtak (vedlegg 3) ligg ved.

Generelt kan ein sei at det no er større fokus på gode totalprognosar enn tidlegare, og Statens vegvesen rapporterer dette gjennom tertialrapporteringa. Når sams vegadministrasjon vert inkludert i Vestland fylkeskommune og kjem inn i den fylkeskommunale rekneskapen, vil fylkeskommunen få vesentleg betre tilgang til, og oversikt over, rekneskap og prognosar.

Det kan også nemnast at regionvegsjefen gjennom rammeavtalen er tildelt mynde til å inngå kontraktar som gjeld investeringar på fylkesveg. Unntak gjeld berre for prosjekt utanom bompengepakkar som overstig 400 mill kr inklusive mva. Desse skal leggjast fram for fylkestinget. Gjennom kontakten med Statens vegvesen, herunder i fylkesvegrådsmøte og faggrupper, har fylkeskommunen og vegvesenet god dialog også om dei mindre prosjekta. Gjennom kontaktutval/ styringsgrupper for bompengepakkar og eigarstyring det det også god dialog. Som kjent er det eit mål å unngå dobbel administrasjon gjennom sams vegadministrasjon. Såleis går samferdselsavdelinga i hovudsak ikkje gjennom detaljar som ligg til Statens vegvesen.

Punkt 7 gjeld utarbeiding av overordna prinsipp for prioritering av investeringsprosjekt. Fylkesrådmannen vil ta opp dette punktet i arbeidet med utarbeiding av budsjett for 2020 for Vestland fylkeskommune. Budsjettet for 2020 skal utarbeidast i samarbeid mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar.